



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

KI-notat nr.: 7/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Gravdal Kraft SUS / Gravdal kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane / Førde		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Kirsten Marthinsen	Sign.:	
Dato:	05 DES 2011		
Vår ref.:	NVE 200800204-31		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Gravdal kraftverk i Førde kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	2
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	12
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	14
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	19
NVEs vurdering	24
NVEs konklusjon	29

Sammendrag

Gravdal Kraft AS (SUS) søker om å overføre vann fra elva i Ytre Gravdalsgjelet og fra en mindre navnløs bekk til Tverrelva. Der vil det bli bygget et hovedinntak, og søker ønsker å utnytte fallet i Tverrelva til kraftproduksjon i Gravdal kraftverk i Førde kommune. Inntaket er planlagt på kote 250 og kraftverket på kote 2. Midlere årlig produksjon vil bli om lag 6,2 GWh og installert effekt 2,0 MW. Det er foreslått en minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring, 25 l/s. Mengden vil bli fordelt mellom overføringsinntaket i Ytre Gravdalsgjelet (12 l/s) og hovedinntaket (13 l/s). Søker ønsker ikke at tiltaket behandles uten overføring.

Førde kommune mener tiltaket kan ha negativ påvirkning på viktige naturområder i Førde. De anbefaler at det blir gitt konsesjon, men på det vilkår at man med avbøtende tiltak kan ta tilstrekkelige hensyn til naturkvalitetene i området. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er imot at kraftverket får konsesjon dersom det er stadfesta at det er hubro i området, og viser til naturmangfoldloven § 9 om føre-var-prinsippet. Norsk ornitologisk forening mener søknaden bør avslås fordi tiltaket med stor sannsynlighet vil påvirke en hekkelokalitet for hubro. De øvrige høringspartene er positive til tiltaket hvis det blir satt vilkår om ulike avbøtende tiltak.

I Ytre Gravdalsgjelet er det registrert ei bekkekløft med lokal verdi. Det er ikke funnet rødlistearter i kløfta, men den er en av kun to kjente bekkekløftlokaliteter i kommunen. Hubro er registrert i området flere påfølgende år fram til 2009. NVE regner det som svært sannsynlig at det finnes en hekkelokalitet for hubro i influensområdet.

Bekkekløfta har fått verdien C (lokalt viktig), men er en av få bekkekløftlokaliteter i kommunen, noe som øker kløftas relative verdi, om enn ikke i så stor grad at det har avgjørende betydning for vårt vedtak. NVE mener miljøet i kløfta kan bli negativt påvirket ved en realisering av prosjektet, men slipp av minstevannføring kan trolig opprettholde deler av bekkekløftas økologiske funksjon. Så lenge det ikke er påvist rødlistearter i kløfta, og siden potensialet for funn er vurdert som lavt, mener vi en begrenset påvirkning er akseptabel.

Hensynet til hekkeområde for den rødlistede og sterkt truede arten hubro, samt til bekkekløfta, er sentralt i NVE sin vurdering av prosjektet. Undersøkelser og vurderinger slår fast at man må regne Gravdalsområdet som en aktiv hubrolokalitet med hekking. Arten er svært sårbar for forstyrrelser ved reiret i hekketida. Derfor er det etter NVEs vurdering stor fare for at et hekkeområde for hubro vil bli negativt påvirket ved en realisering av prosjektet. Hubroen er sterkt truet og er derfor gitt stor verdi i OEDs *"Retningslinjer for små vannkraftverk"* (2007). NVE mener at en realisering av prosjektet vil stride mot OEDs retningslinjer for bygging av småkraftverk og en utbygging vil være i konflikt med de forvaltningsmessige føringer som ligger i naturmangfoldloven § 5.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene finner NVE at fordelene ved utbygging av Gravdal kraftverk ikke overstiger skadene og ulempene for allmenne og private interessersom blir berørt. Kravet i vannressursloven § 25 er ikke oppfylt, og konsesjon kan derfor ikke gis.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Gravdal Kraft AS (SUS), datert 1.2.2010:

"Gravdal Kraft AS under skiping ønsker å nytte vassfallet i Tverrelva og Ytre Gravdalsgjelet i Førde kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgende løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

- å bygge Gravdal kraftverk med overføring av vatn frå elv i Ytre Gravdalsgjelet samt frå sidebekk*

2. Etter energilova om løyve til:

- bygging og drift av Gravdal kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.*

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Sunnfjord Energi AS."

Gravdal kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	6,2
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	16,6
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	85
Middelvannføring	l/s	540
Alminnelig lavvannføring	l/s	25
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	49
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	42
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	250
Avløp	moh.	2
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	2,1*
Brutto fallhøyde	m	248
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,55
Slukeevne, maks	l/s	1000
Slukeevne, min	l/s	70
Tilløpsrør, diameter	mm	700
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1000
Overføringsrør, lengde	m	900
Installert effekt, maks	MW	2,0
Bruktid	timer	3200
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,4
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	2,8
Produksjon, årlig middel	GWh	6,2
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	13,0
Utbyggingspris	kr/kWh	2,09

* inkl. elva i Ytre Gravdalsgjelet.

Gravdal kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	2,3
Spennning	kV	690
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	2,5
Omsetning	kV/kV	0,23/23
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	m	130
Nominell spenning	kV	23
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Førde kommune har i formannskapsmøte den 8.4.2010 vedtatt følgende:

"Eventuell kraftutbygging kan ha negative verknader for viktige naturområde i Førde. På vilkår av at konsesjonshandsaminga avklarar at eventuelle tiltak tek tilstrekkeleg omsyn til naturkvalitetane i området, rår Førde kommune til at det kan gjevast konsesjon for bygging av Gravdal Kraftverk.

Kommunen meiner desse vilkåra må spesielt vurderast;

- Det må sikrast minstevassføring i alle elvane slik at vilkåra for viktige naturtypar og artar ikkje vert nemneverdig endra.*
- Støytiltak må utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer.*
- Plassering av kraftstasjon må vurderast plassert på vestsida av elvelauget, med omsyn til å unngå bandlegging av strandsone for eventuell framtidig bruk.*

(...)

Planlagt kraftverk med inntaksdam, overføringsleidning, røyrgate og kraftstasjon ligg i Landbruks-, Natur- og Friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Kraftstasjon og delar av røyrgate er planlagt innanfor 100-metersbeltet langs sjø. I fjorden utanfor utløpsområde er det i kommuneplanen sin arealdel regulert eit areal til låssettingsplass for fiskeredskapar.

Kraftverket fell utanfor dei tiltaka som kan reknast som tilhøyrande til LNF-kategorien. I Miljøverndepartementet sin rettleiar om arealplanlegging heiter det at kraftverk som ikkje vert nytta som energikjelde i tradisjonell landbruksdrift, vil vere i strid med LNF-kategorien (T1382 s. 64). Før kraftstasjonen eventuelt kan etablerast, må det difor vere gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (pbl § 19-1), samt dispensasjon frå forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag (pbl § 1-8).

Bygging av bekkeinntak i Ytre Gravdalsgjelet vil saman med tilhøyrande rørtrase og tilkomstveg føre til reduksjon av inngrepsfrie område i sone 2, 1 – 3 km frå inngrep, med 0,35 km².

Innanfor nedslagsfeltet for planlagt kraftverk er det fleire stader vurdert potensiell fare for stein- og snøskred.

Rådmann si vurdering av søknaden:

Tiltaket vil i stor grad gjere seg nytte av eksisterande vegar i området, og rådmann ser ikkje vesentlege konfliktar knytt til planlagt ny vegbygging.

Utbyggingsområdet er relativt lite framkomeleg og såleis lite brukt som turområde. Rådmann ser difor ikkje at tiltaket har særleg innverknad for allmenn ferdsel i området.

Gjennom biologisk mangfald-kartlegginga som vart gjennomført i 2005, vart det registrert 37 lokalitetar i kommunen. Både Rik edellauvskog og Bekkekløft og bergvegg er naturtypar som det er få av i Førde, høvesvis 4 og 2 lokalitetar. Rådmann meiner difor at det må takast omsyn til desse og unngå inngrep som reduserer verdien av dei. Med bakgrunn i dette, registrerer rådmann at omsøkt minstevassføring er eit minimum. Miljøfagleg utgreiing som ligg ved søknaden tilrår at minstevassføringa vert auka noko, spesielt i sommarhalvåret. Spesielt av omsyn til lokaliteten Tongagjelet – Bekkekløft og bergvegg, meiner rådmann at det også er viktig å oppretthalde ein minstevassføring i elva som renn i Ytre Gravdalsgjelet. Elva renn gjennom lokaliteten før den renn saman med Tverrelva på kote 95. Rådmann finn at eventuell konsesjon må setje klare vilkår for minstevassføring i denne greina etter overføring til Tverrelva. Lokaliteten Kirkebø – Rik edellauvskog ligg rett nord for planlagt tilløpsrøyr for kraftverket. I tillegg renn det ein bekk som spring ut i frå Tverrelva. Rådmann meiner at eventuell graving i samband med rørtrase må unngå inngrep i lokaliteten. Vidare må det klarleggast om minstevassføring er tilfredstillande for å oppretthalde vassføring i bekken gjennom lokaliteten, med utgreiing av kva konsekvensar ei eventuell tørrlegging av bekken vil ha for edellauvskogen. Artar på raudlista er gradert frå sårbar til sterkt trua. Det er eit særskilt ansvar for alle å ta vare på raudlisteartar for å sikre biologisk mangfald.

Strandlinja langs fjorden ved Gravdal er vurdert som godt eigna for eventuell etablering av djupvasskai. Området er eitt av få attverande areal i indre del av Førdefjorden til slikt føremål som ikkje er bandlagd av anna arealbruk. Etablering av kai er ikkje avklara i kommuneplanen sin arealdel, men rådmann meiner det er viktig at ein eventuell kraftstasjon ikkje blir plassert slik at den bandlegg for stort areal med tanke på eventuell framtidig bruk av området. For å unngå bandlegging av for stort område, meiner rådmann at det må vurderast om det er mogeleg å plassere eventuell kraftstasjon på vestsida av elvelaupet.

Rådmann føreset handsaming av støyproblematikken i samsvar med retningslinje T-1442, for både land og sjø. Rådmann meiner også at det vert gjort ei nærare vurdering av skredfaren i samband med tiltaka. Det er positivt at det vert nytta jordkabel mellom kraftverket og nettstasjon. Rådmann vil også gjere merksam på at planane for kraftverket viser at traseen for tilløpsrøret tilsynelatande går tvers gjennom eller svært nær bustadhuset på Gbnr 64/31.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte i brev av 9.4.2010:

”(…)

Landskap og friluftsliv

Tverrelva og elva i Ytre Gravdalsgjelet er lite synleg i landskapsbiletet ved at dei er nedskore i landskapet og omgjevne av skog. Området er påverka i dag gjennom jordbruk, skogbruk, vegar og kraftline. Det er bygd fleire skogsvegar på nordsida av Tverrelva. Dei tekniske anlegga med nedgrave rør for overføringa og tillaupsrøyr til kraftstasjonen, ligg i all hovudsak i skogsterreng med aktiv skogsdrift og vil i liten grad påverke landskapet. Samla vil inngrepa knytt til utbygginga truleg ha liten innverknad på landskapsbiletet.

Området ligg nærme Førde sentrum, men er ikkje mellom dei viktigast nærtuområda i Førde. Området vert stort sett nytta av lokalbefolkninga til tradisjonelt friluftsliv som turgåing,

bærplukking og jakt. Indre del av Førdefjorden vert mykje nytta i friluftsamaheng til mellom anna padling og fritidsfiske. Når det gjeld området sin verdi for friluftsliv viser vi elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Naturmiljø, biologisk mangfald

Det har truleg i fleire år hekka hubro ved Gravdalen. Hubro er raudlista og er ein svært sjeldsynt fugl både i Noreg og Sogn og Fjordane. Observasjonen av hubro ved det planlagde utbyggingsområdet er den einaste registreringa av arten i Førde kommune, i Sogn og Fjordane er bestanden antatt å ligge kring 10-20 hekkande par (2007). I Artsdatabanken si "raudliste" over trua og sårbare artar frå 2006 er hubroen klassifisert som "sterkt truga" (EN), som er den nest høgaste klassifiseringa, lågare enn "kritisk truga" (CR) og høgare enn "sårbar" (VU). Den har fått kategorien "sterkt truga" på grunn av kraftig bestandsreduksjon.

Som ledd i arbeidet med å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010 har Direktoratet for naturforvaltning (DN) utarbeidd handlingsplanar for enkelte artar som i dag er trua av utrydding i Noreg, og der tiltak av meir generell karakter innan naturforvaltning ikkje åleine vil vere tilstrekkeleg. Fram til no er det utarbeidd planar for 12 enkeltartar, hubro er ein av desse 12 prioriterte artane. I handlingsplanen for hubro vert det sett på utbreiing og bestandsutvikling for arten i Europa, i Noreg og ulike landsdelar og trusselfaktorar. Utbyggingar og inngrep er generelt ein trussel mot hekke- og leveområda og hubroen er sårbar for menneskeleg aktivitet og uroing, f.eks. frå skogsdrift eller ferdsel i samband med utbyggingar.

Naturmangfaldlova trådde i kraft 1.7.2009. Lova har som formål at naturen med tilhøyrande biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar tas vare på gjennom bærekraftig bruk og vern. I den nye naturmangfaldlova er det lovfesta eit forvaltningsmål for ivaretaking av artar, jf. § 5. Vi viser også til naturmangfaldslovas § 8 kunnskapsgrunnlag og § 9 føre-var-prinsippet.

Hubroen er vanskeleg å oppdage og hubroens roping er den beste indikasjonen på at hubroen har fast tilhald på ein lokalitet. Rop frå hubro er høyrte fleire gonger i området Gravdalsgilet og det er sannsynleg at det er ein reirlokalisitet i området. Kvar reirlokalisiteten er lokalisert er ikkje kjend. Vi meiner difor at området må undersøkjast nærare før ei ev. utbygging finn stad, jf. krav til kunnskapsgrunnlag § 8 i naturmangfaldlova. Ved ei nærare kartlegging av hubro i området bør det og vurderast aktuelle tiltak ved eit eventuelt funn av reirlokalisitet. Dersom det ikkje vert funne noko reirlokalisitet, men stadfesta at det er hubro i området, meiner Fylkesmannen at utbygginga ikkje bør finne stad ut i frå føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9.

Vi viser og til OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" (2007), der det står følgjande under tema biologisk mangfald: "tiltak som kommer i konflikt med artar som er kritisk truet eller sterkt truet, eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeliggjøre nasjonal oppfyllelse av internasjonale avtaler kan ikke påregne konsesjon".

Ei kartlegging av hubro må skje med stor varsemd. I egg- og ungeperioden er hubroparet lett å forstyrre, og dei kan lett forlate egg og ungar og gi opp hekkinga dersom dei vert uroa i nærleiken av reiret. I denne perioden må ein ikkje nærme seg eventuelle reir. Frå byrjinga av juli og ut i august kan hekkplassane besøkast for å konstatere om det har vore hekking gjennom å leite etter sporteikn, eller på kvelden for å lytte etter tiggande hubroungar.

Dei siste åra har restbestandane av hubro i Noreg blitt utsett for auka press frå naturfotografar og andre nysgjerrige, og med tanke på denne lokaliteten si plassering ikkje langt unna Førde sentrum ber vi om at opplysningane ikkje blir formidla vidare.

Fossekall er truleg knytt til vassdraget. Fossekallen er avhengig av botndyr/vasslevande insekt. For å oppretthalde elva sin produksjonen av vasslevande insekt, og moglege reirlokaltetar, må det vere stabil vassføring i elva heile året. Slepping av ei minstevassføring vil redusere skaden på det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, både når det gjeld fisk, fugl, insekt og planteliv. Som avbøtande tiltak med omsyn til biologisk mangfald meiner Fylkesmannen at det må sleppast ei minstevassføring som minst tilsvarar 5-persentil vassføring gjennom heile året.

I Naturbasen er det registrert to naturtypar i det aktuelle området. Lokalitet "Tongagjelet" er registrert som naturtypen "bekkekløft og bergvegg" og verdien er sett til "lokalt viktig". Lokaliteten "Kirkebø" er registrert som naturtypen "rik edellauvskog" med verdi "lokalt viktig". Det er uheldig at viktige naturtypar vert påverka. Ved ei eventuell utbygging må det leggjast stor vekt på å ta vare på mest mogeleg av naturtypane. Røyrгатetraseen bør leggjast slik at edellauvskogen ved Kirkebø ikkje vert berørt.

Bekkekløfter er ein naturtype som er spesielt utsett ved vasskraftutbygging. Bekkekløfta ved "Tongagjelet" er lita og det er ikkje gjort funn av spesielt sjeldsynte eller kravfulle artar knytt til lokaliteten. Berggrunnen og artsmangfaldet er generelt fattig, og potensialet for raudlista mose- og lavartar blir vurdert til å vere lågt.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Utbygginga vil føre til at inngrepsfrie naturområde vert noko redusert. Inngrepsfri sone 2 (1- 3 km frå tyngre tekniske inngrep) vert redusert med om lag 0,35 km². Sjølv om det er eit politisk mål å ta vare på inngrepsfrie naturområde, er avgangen i dette tilfellet så pass liten at det ikkje i seg sjølv er til hinder for kraftutbygginga.

Fisk og fiske

Den planlagd utbygde strekninga har låg verdi for fisk. Det kan vandre sjøaure eit kort stykke opp i elva, men elva har her grovt substrat og har truleg liten verdi som gyte og oppvekstområde for sjøauren. Det er elles vanleg aure i vassdraget, men på grunn av bratt terreng er det truleg lite fisk på den planlagd utbygde elvestrekninga. Føresett at minstevassføringa vert gjeldande heile året, kan vi akseptere tiltaket utifrå fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skadar/ulemper som følgjer av tiltaket.

Kraftstasjonen blir liggande like ved fjorden. Indre del av Førdefjorden vert mykje nytta i friluftsamanheng til stille aktivitetar som padling og fritidsfiske. Det bør difor leggjast stor vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

Utbygginga er forventa å få positiv betyding for næringsgrunnlaget og busetjing til dei gardsbruka som er delaktig i realiseringa av kraftverket.

Tilråding

Utbygging av Gravdal kraftverk kjem i konflikt med ein sannsynleg reirlokalisering for hubro. I Artsdatabanken si raudliste over trua og sårbare artar er hubroen klassifisert som sterkt truga (EN). Fylkesmannen meiner difor at området må undersøkjast nærare før ei ev. utbygging finn stad, jf. krav til kunnskapsgrunnlag § 8 i naturmangfaldlova. Dersom ei ev. utbygging er i konflikt med yngle-/leveområde til hubroen, eller det ikkje vert funne noko reirlokalisering men stadfesta at det er hubro i området, meiner vi at utbygginga ikkje bør finne stad ut i frå føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9.

Dersom det mot Fylkesmannen si tilråding vert ei utbygging av Gravdal kraftverk meiner Fylkesmannen at det av omsyn til biologisk mangfald vert sett vilkår om minstevassføring tilsvarende 5-persentil vassføring gjennom heile året. For å unngå konflikt med eventuell hekking av hubro er det ein føresetnad at anleggsarbeidet utførast utanom yngleperioden for hubro, som er i perioden frå januar og ut juli.

Andre krav til ev. konsesjon er at:

- røygata må leggjast slik at edellauvskogen ved Kirkebø ikkje vert berørt
- det må leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep.
- det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttalte i brev av 4.5.2010:

”(…)

- Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av Gravdal kraftverk fordi fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulemperne for allmenne og private interesser.
- Av omsyn til biologisk mangfald foreslår fylkeskommunen at vassleppinga frå inntaket i Tverrelva vert auka til nivå med femte lågaste vassføring om sommaren, dvs. ca. 50 liter/sek. Av omsyn til landskap foreslår fylkeskommunen at den planlagde anleggsvegen mellom Gravdalsgjelet og inntaket i Tverrelva vert utforma som køyresterkt terreng.

(…)

FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER EV. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 13 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, tilkomstveg, nedgravde rørgater/kabeltrase, kraftverksbygning) og redusert vassføring i Tverrelva og elva i Ytre Gravdalsgjelet

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i det arealet som vil bli råka av den planlagde utbygginga. Vi ser likevel at delar av planområdet som er avsett til tiltaket har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne då det er lokalisert i eldre kulturlandskap. Dette gjeld særleg automatisk freda kulturminne knytt til bruk av utmark, der tidsrommet i jernalderen 500 f. Kr til 1000 e. Kr står sentralt.

På bakgrunn av oversendt søknad om konsesjon og med området si kulturhistoriske tilknytning vurderer vi det som naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i delar av planområdet, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne. Tiltakshavar må ta kontakt med Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune så snart som råd etter at eventuell konsesjon er tildelt, slik at tidspunkt for den arkeologiske registreringa kan avtalast.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Tverrelva er eit godt synleg og viktig element i landskapet. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet både for tilreisande og fastbuande. Med redusert vassføring i elva, sprenging av røyrgate og ein skogsveg som gjennom fleire år vil liggje svært eksponert og syneleg i terrenget, vil det planlagde tiltaket føre til eit stort inngrep i landskapet.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Etter søknaden skal kraftstasjonen plasserast i eit område med SEFRAK- registrerte naust og sagbruk frå 1800 talet. Ved utforming av kraftstasjonen, må det takast omsyn til det gamle bygningsmiljøet, ved val av form, volum, takform og andre synelege bygningsdetaljar på sjølve kraftstasjonsbygningen.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen meiner at slepping av minstevassføring i Tverrelva bør aukast i tråd med det som er sagt i rapporten ang. biologisk mangfald. Fylkesrådmannen foreslår difor at vassleppinga vert auka til nivå med femte lågaste vassføring om sommaren, dvs. ca. 50 liter/sek. Langs overføringsrøret frå Gravdalsgjelet til inntaket i Tverrelva er det planlagt å bygge ein permanent anleggsveg (lett traktorveg) som kan nyttast som skogsveg og tilkomstveg til inntaket i Gravdalsgjelet. Av omsyn til landskap meiner fylkesrådmannen at denne vegen bør utformast som køyresterkt terreng.

Fylkesrådmannen ser det som naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i delar av planområdet, jf. § 9 og 10 i lov om kulturminne. Fylkesrådmannen ber difor om at tiltakshavar tek kontakt med Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune dersom konsesjon vert gitt slik at tidspunkt for arkeologisk registrering kan avtalast. Fylkesrådmannen viser elles til Førde kommune sine merknader og støttar desse.

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til bygging av Gravdal kraftverk fordi fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Av omsyn til biologisk mangfald foreslår fylkesrådmannen at vassleppinga frå inntaket i Tverrelva vert auka til nivå med femte lågaste vassføring om sommaren, dvs. ca. 50 liter/sek. Av omsyn til landskap foreslår fylkesrådmannen at den planlagde anleggsvegen mellom Gravdalsgjelet og inntaket i Tverrelva vert utforma som køyresterkt terreng.”

Statens vegvesen uttalte i brev av 23.2.2010:

"(...)

- Statens vegvesen har fyljande merknadar til søknaden:
- Statens vegvesen minner om at det må søkjast om utvida bruk av dei aktuelle avkøyrslene frå fv. 609 som skal nyttast.
- Byggegrensa på staden er 50 m. Ynskjer ein å byggje nærmare vegen enn dette, må det søkjast dispensasjon frå byggegrensa.
- Ved all kryssing av fv. 609 med røyr og krafthinje må det søkjast om løyve til kryssing."

Sogn og Fjordane Turlag uttalte i brev av 2010:

"(...)

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Utbygginga skjer i nærområdet til sentrum i Førde kommune, noko som gjer at den må vurderast kritisk, men dette området er ikkje mellom dei viktigast nærtuområda i Førde. Indre Gravdalsgilet, til dømes, er mykje viktigare, men det blir ikkje påverka. Dei mest aktuelle turmåla i området er:

- Ulltangestølen, der den sørlegaste ruta, som truleg er den mest brukte (vi er ikkje 100 % sikre, men reknar det som mest sannsynleg), passerer på skogsvegen kloss ved inntaket i Tverrelva.
- Gravdalsstølen, der stien kryssar røyrгатetraseen, kryssar den der nesten tørrlagde Tverrelva, og kryssar overføringsrøyet frå Ytre Gravdalsgilet til Tverrelva.
- Fureviknipa via Ulltangestølen. Dette er ikkje den mest brukte turruta til Fureviknipa, men den er eit godt alternativ for dei som vil ha litt variasjon i rutevalet.

Dei 3 rutene/turmåla er aktuelle for Indre Sunnfjord Turlag sine onsdagsturar, og dei to stølane, spesielt Ulltangestølen, er aktuelle Barnas Turlag-turar, men dei har vore lite brukte til no. Rutene/turmåla er nok mest aktuelle for lokale turar med utgangspunkt i byggefeltet på og oppover mot Ulltang. Dessverre kjenner vi ikkje omfanget av bruken, men vi reknar med at for slike lokale turar er skogsvegane i området, som både går langs og kryssar Tverrelva, ganske mykje brukte. Men det er berre på svært korte strekk at desse turrutene på skogsvegane (og i terrenget for stien til Gravdalsstølen) kjem i konflikt med utbygginga.

Førde Kajakklubb er aktive, og det er ein heil del "stille ferd" på fjorden. For dei som ferdast der, vil bortfallet (nesten) av elva som landskapselement, opplevast som negativt. Dessutan er det viktig at kraftstasjonen vert godt lydisolert, slik at den ikkje blir opplevd som altfor negativ av padlarane. "Naturens stillhet" er viktig for dei som ferdast med kajakk, (men vanskeleg å oppnå pga. biltrafikk).

Oppsummering: Utbygginga er ein del i konflikt med friluftinteressene, særleg reint lokalt og for padlarar, men vi vurderer konfliktnivået som lågt nok til å vere innanfor det vi vurderer som akseptabelt. Den øvste delen av utbyggingsområdet ligg i eit FRIDA-registrert lokalt viktig friluftsområde.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukeevna for den planlagde kraftstasjonen varierer mellom maksimum 185 % og minimum 13 % av middelvassføringa. Dette må i dag karakteriserast som ei nokså normal vassutnytting.

Reguleringar og overføringar: Generelt er vi litt kritiske til slike "tversover-overføringar" som det her er snakk om mellom elva i Ytre Gravdalsgilet og Tverrelva. Men vi ser at det feltet som blir overført er nesten like stort som nedbørfeltet i Tverrelva, slik at overføringa truleg er avgjerande for at prosjektet kan gjennomførast. Samstundes er området der overføringa skjer, nokså lite brukt. Med bakgrunn i dette, finn vi overføringa akseptabel i dette tilfellet.

Inntak: Inntaket ligg like ved ein av dei skogsvegane som truleg er mest brukte for friluftsliv. Vi ber derfor om at det blir gjort "pent arbeid", slik at inntaket ikkje blir opplevd som altfor negativt av dei som passerer. Meirkostnaden med dette blir truleg ubetydeleg samanlikna med total prosjektkostnad.

Røyrgate: Vi har ingen merknader til røyrгатetraseen.

Kraftstasjonen: Vi har ingen merknader til plasseringa med utslepp i den naturlege osen, men ser at den kan vere utfordrande. (Men det er ikkje "vårt problem".) Det er gledeleg med god lydisolering, og vi ber i den samanhengen om at det også vert teke omsyn til den "stille ferdsla" på fjorden.

Vegbygging: Når det gjeld vegen i traseen for overføringsrøyrret frå Ytre Gravdalsgilet til Tverrelva, ber vi om at den etter utbygginga vert omgjort til "køyresterkt terreng" eller ein "grøn veg", og at det vert lagt ekstra stor vekt på å tilpasse vegen til naturen. Ein slik veg vil vere ein fullt ut tilfredsstillande traktorveg for uttak av skog og for å kome fram til inntaket i Ytre Gravdalsgilet. Samstundes kan den bli i alle fall ganske bra tilpassa naturen, slik at inntrykket av inngrepa vert dempa.

Kraftlinjer: Jordkabel fram til det eksisterande 23 kV-nettet er bra!

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Hydrologi: Slik vi tolkar konsesjonssøknaden, skal det berre sleppast minstevassføring, 25 l/s heile året, over inntaksdammen i Tverrelva, medan det ikkje skal sleppast noko som helst forbi inntaket i Ytre Gravdalsgilet. Det siste vurderer vi som ikkje tilfredsstillande, spesielt ettersom ein har naturtypen bekkekløft lenger nede i elva. For å ta vare på livet i elva og i bekkekløfta, ber vi NVE vurdere å pålegge minstevassføring også i overføringsinntaket i Ytre Gravdalsgilet. Vårt framlegg er at det der vert slept 20 l/s heile året, ettersom nedbørfeltet er litt mindre enn for Tverrelva. Samla minstevassføring forbi dei to inntaka, vil då ligge omlag på 5-persentilen heile året. Vi nemner at det i Biologisk mangfald-rapporten er tilrådd høgre minstevassføring om sommaren.

Biologisk mangfald og verneinteresser: Vi finn det lite sannsynleg at utbygginga ikkje skal ha negative konsekvensar for bekkekløftdelen av den lokalt viktige naturtypen ved Tongagjelet. Ettersom det, slik vi tolkar søknaden, ikkje er gjort framlegg om minstevassføring i den elva som renn der, vil heller ikkje skadeverknadane verte avbøtte av minstevassføring. Det bør derfor sleppast minstevassføring også forbi inntaket i Ytre Gravdalsgilet, sjå framlegget ovanfor. For oss ser det forresten ut som det er ei bekkekløft lenger nede i elva og, like på oppsida av riksvegen, men vi er ikkje fagfolk!

Landskap: For dei som ferdast på vegen frå Førde i retning Askvoll, er elva eit landskapselement, likeins for dei som ferdast på sjøen. Så lenge Gravdalselva i Indre Gravdalsgilet, som renn ned i sjøen like ved, får renne fritt, skal vi likevel ikkje legge altfor stor vekt på dei negative konsekvensane av den no aktuelle utbygginga. Men vi signaliserer alt no at ei eventuell framtidig utbygging av Gravdalselva vil vi gå sterkt mot! Då vert konfliktnivået inklusive sumverknaden mykje høgre!

Brukarinteresser: Sjå side 1 i fråsegna. Litt meir minstevassføring vil vere positivt for bekkeauren.

Avbøtande tiltak: Vi viser til det vi har skrive om minstevassføring tidlegare i fråsegna.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Utbygginga er i ein viss konflikt med friluftsinteressene, men konfliktnivået er akseptabelt, slik vi ser det. Vi ønskjer derfor ikkje å gå mot utbygginga!

Det er konflikt med ei, kanskje fleire, nordvende bekkeløfter, ein naturtype som er spesiell. Men vi har dessverre ikkje fagkunnskap nok til å kunne vurdere den eventuelle storleiken på konfliktnivået. Det må andre høyringsinstansar, og NVE, vurdere.

Vi ber NVE vurdere å eventuelt krevje oppsetting av predatorsikre rugekassar for fossefall.

Sunnfjord Energi AS uttalte i brev av 15.2.2010:

"Det vert mest sannsynleg trong for nettforsterkingar i lokalnettet grunna potensialet i området. Det er heller ikkje kapasitet i overliggande nett.

Sunnfjord Energi er i dialog med utbyggjar rundt desse problemstillingane."

Søkers kommentar til høringsuttaalelsene

Søker har i brev av 30.8.2010 kommentert de innkomne høringsuttaalelsene slik:

"Sunnfjord Energi si fråsegn 15.2.2010

Sunnfjord Energi meiner at det mest sannsynleg er trong for nettforsterkingar i lokalnettet grunna potensialet i området.

Gravdal Kraft er innstilt på å ta sin forholdsmessige del av kostnaden med ei eventuell nettforsterking.

Statens vegvesen si fråsegn datert 23.2.2010

Det må søkjast om utvida bruk av de aktuelle avkjøyrslene frå fv. 609. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå byggjegransa på 50 m. Ved all kryssing av fv. 609 med røyr og kraftlinje må det søkjast om løyve til kryssing.

Gravdal kraft vil etterkome desse punkta.

Sogn og Fjordane Turlag si fråsegn 20.3.2010

I turlaget si beskriving av friluftsliv i det aktuelle området blir del mellom anna nemnt at *eitt av dei mest aktuelle turmåla i området er stien til Gravdalstølen, der stien kryssar rørgatetrasseen, kryssar den nesten tørrlagde Tverrelva og kryssar oveføringsrøyet.* Gravdal Kraft vil presisere at den mest brukte stien til Gravdalsstølen går frå Indre Gravdalsgilet, som ikkje er omfatta av utbygginga.

Turlaget er opptatt av "stille ferdsel" på fjorden (padling) og at kraftstasjonen blir godt lydisolert.

Kraftstasjonen blir utført med vasslås i avløpet som vil hindre den typiske peltonulinga og kraftstasjonshuset blir spesielt godt lydisolert for å hindre sjenerande støy. Kraftstasjonen vil dermed ikkje avgje nemnande støy.

Turlaget ber om at inntaket blir utført pent slik at det ikkje vert oppfatta negativt for passerande.

Inntaket er lite og det blir lagt stor vekt på at det skal vere minst mogeleg synleg, bl.a. ved at terrenget blir minst mogeleg berørt og framstår mest mogeleg naturleg etter at anlegget er ferdig. Inntaket vil elles ikkje vere særleg synleg for passerande som nyttar skogsvegen.

Turlaget ynskjer at tilkomstvegen til Ytre Gravdalsgjelet blir utført som køyresterkt terreng (grøn veg) og at det blir lagt ekstra stor vekt på å tilpasse den til naturen.

Vegen vil bli utført slik som turlaget ynskjer. Det vil bli lagt vekt på at vegen skal fylgje terrenget med minst mogeleg inngrep.

Turlaget tolkar konsesjonssøknaden slik at det berre skal sleppast minstevassføring (25 l/s) forbi inntaket i Tverrelva og dei ynskjer minstevassføring også i Ytre Gravdalsgjelet.

I konsesjonssøknaden er minstevassføringa ikkje fordelt på dei to elvane. Vi føreslår at den blir fordelt i høve til den naturlege fordelinga med 12 l/s (48 %) frå inntaket i Ytre Gravdalsgjelet og 13 l/s (52 %) frå inntaket i Tverrelva. Elvane er svært lite synlege i terrenget, og det er etter vår meining ikkje nødvendig å auke minstevassføringa av omsyn til landskapsinntrykket.

Turlaget meiner ar elva er eit landskapselement for dei som ferdast på vegen til Askvoll og for dei som ferdast på sjøen.

Vi meiner at dette er feil. Elva er knapt synleg verken frå vegen eller sjøen.

Førde kommune si fråsegn 09.04.2010

Rådmannen meiner det bør takast omsyn til naturtypen Bekkekluft/bergvegg i Tongagjelet ved slepping av minstevassføring frå inntaket i Ytre Gravdalsgjelet.

Vi viser her til våre kommentarar til turlaget si fråsegn.

Rådmannen meiner det bør takast omsyn til naturtypen Rik edellauvskog på Kyrkjebø.

Lokaliteten ligg nord for tilløpsrøret og vil ikkje bli berørt av anleggsarbeidet. For å oppretthalde vassføringa i bekken som renn gjennom lokaliteten vil vi føreslå å justere bekken sitt utløp frå Tverrelva.

Rådmannen meiner det bør gjerast ei vurdering av skredfare i samband med tiltaka.

Det er ikkje registrert skredfare som kan medføre nemnande konsekvensar for kraftverket og det er etter vårt syn unødvendig med spesiell vurdering.

Rådmannen meiner at kraftstasjonen bør plasserast slik at den ikkje bandlegg for stort areal med tanke på eventuell framtidig bygging av djupvasskai i området.

Gravdalen har frå ulike hald blitt nemnd som alternativ for framtidig djupvasskai heilt sidan 1980-talet. Eigarane av bruket har kjempa mot desse planane like lenge. Området er ikkje merka av som næringsareal i Førde kommune sin gjeldande arealdelplan. Noverande eigar av bruket, Arne Gravdal, vil halde fram med å kjempe mot planane om djupvasskai. Eigaren av bruket meiner at det er mange argument for ikkje å byggje djupvasskai i Gravdalen. Gravdalen representerer mellom anna eit av dei beste jordbruksareala i området. Samstundes er området eit særmerkt kulturlandskap som bør takast vare på for framtidige generasjonar. Fylkesveg 609 forbi Gravdalen har dessutan ikkje ein standard som tilfredsstillar krava til vegtilkomst for ei djupvasskai. Til slutt kan nemnast at opprustinga av vegsambandet mellom Førde og Florø dei seinare åra opnar opp for fleire område i aksen Førde-Florø som bør vere langt meir aktuelle for djupvasskai for heile regionen enn området i Gravdalen. Ved detaljprosjektering av kraftverket vil stasjonen likevel bli plassert så langt mot nordvest som mogeleg. Eigaren av bruket vil presisere at dette blir gjort for å ta omsyn til kulturlandskapet i Gravdalen, og

ikkje for å sikre Førde kommune framtidig kaiareal. Plassering av kraftstasjonen på vestsida av elva er ikkje praktisk mogeleg fordi terrenget er svært bratt (berghammar).

Fylkesmannen si fråsegn 09.04.2010

Fylkesmannen meiner at det må undersøkast om det er hubro i området.

NVE meiner det er nødvendig med meir kunnskap om dette for å kunne ta avgjerd i saka. Gravdal Kraft har difor engasjert Rådgivende Biologer AS til å undersøkje om det er ein reirlokaltet for hubro i, eller i nærleiken av utbyggingsområdet. Sjølvte feltundersøkinga er gjennomført, og rapporten er venta å føreliggje om kort tid.

Av omsyn til biologisk mangfald meiner fylkesmannen at det bør sleppast minstevassføring tilsvarande 5-persentil heile året.

Vi er ikkje samd i dette, og viser til at elveløpa er svært nedskorne og tronge. Det skal dermed berre små vassmengder til for å oppretthalde livet i elvane. Vassføringa er dessutan svært variabel i naturleg tilstand og kan vere betydeleg lågare enn alminneleg lågvassføring i lange periodar både sommar og vinter. Vi vil difor halde fast på den føreslåtte minstevassføringa på 25 l/s.

Fylkesmannen meiner at røyrgatetraseen bør leggest slik at edellauvskogen ved Kyrkjebø ikkje vert berørt.

Vi viser her til våre kommentarar til fråsegna frå kommunen.

Sogn og fjordane fylkeskommune si fråsegn 04.05.2010

Fylkesrådmannen vurderer at deler av utbyggingsområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne og ber om at det blir teke kontakt med kulturavdelinga dersom det blir gitt konsesjon. Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Dersom det blir gitt konsesjon, vil vi ta kontakt med kulturavdelinga for å få utført arkeologiske registreringar og vi vil justere planane slik at ein unngår konsekvensar for viktige og markerte kulturminne frå nyare tid.

Fylkesrådmannen ynskjer at det skal takast omsyn til kulturlandskapselement som geiler, vegar, osv. og at det blir tatt omsyn til det gamle bygningsmiljøet (naust) i området ved utforminga av kraftstasjonsbygningen.

Eigaren av bruket der kraftstasjonen skal plasserast har også ei stor eigeninteresse i å ta vare på kulturlandskapet og det gamle bygningsmiljøet i området. Gravdal Kraft vil ta omsyn til dette ved plassering og utforming av kraftstasjonsbygningen.”

Tilleggsopplysninger og kommentarar til disse

På bakgrunn av uttalelsen fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ble søker pålagt å få utført en tilleggsregistrering for å klargjøre om det finnes hubro i Gravdalsgjelet. Rådgivende Biologer v/ Ole Kristian Spikkeland har gjort registreringene. Under følger et utdrag fra rapporten, datert 2.9.2010:

”Metoder

Planområdet i Gravdal m/nære tilstøtende områder ble befart 17-18. august 2010. Under feltarbeidet ble samme metodikk benyttet som anbefalt på nettsidene til Norsk Ornitologisk Forening, og som referert til av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (se sitat ovenfor). Kort

oppsummert ble det foretatt lytting etter tiggende hubrounger om kvelden og natten den 17. august, mens det den påfølgende dag ble gjennomført feltregistreringer i de antatt best egnede hekkehabitatene for hubro i ytre Gravdalsgilet. Her var hensikten å observere spor og sportegn (gulpeboller, byttedyrrester mv.) etter hubro og påvise eventuell reirplass. Under dette feltarbeidet ble kikkert benyttet flittig. GPS-sporlogger fra befaringsdagene er vist i vedlegg 1. For kvelds- og nattelyttingen den 17. august er detaljeringsgraden i den presenterte sporloggbokskriften ikke tilstrekkelig stor til å vise at den aktuelle lyttestrekningen i Gravdal ble gått opp i alt fire ganger fram til avslutningen kl. 01.30. Været var gunstig for å utføre denne type feltarbeid: Lite vind, tørt (bortsett fra en regnbyge den 18. august) og til dels meget høye lufttemperaturer. Ved oppstart 17. august kl. 21.10 ble temperaturen målt til 21 °C, og fallende til 19 °C kl. 00.45 og 17 °C kl. 01.30. Neste dag steg temperaturen fra 17 °C til 22 °C i løpet av feltarbeidsperioden. Foruten eget feltarbeid ble det også intervjuet grunneierrepresentanter, nabogrunneier samt lokalkjente ressurspersoner med god lokalkjennskap til hubro.

Resultater

Feltarbeidet

Det ble ikke hørt hubro (voksenfugl eller lokkerop fra tiggende unger) i Gravdal eller i de tilstøtende nære områder under feltarbeidet. Derimot ble ropende kattugle registrert både ved Hornnes nord for Førdefjorden og i sørlige del av Førde sentrum om kvelden/natten 17. august 2010. Det ble heller ikke registrert noen former for spor eller sportegn etter hubrohekking under befaringen i ytre Gravdalsgilet den påfølgende dag.

Intervjuundersøkelser

I forkant av feltarbeidet ble Terje Thon og Terje Negard, begge lokalkjente amatørornitologer med stor kompetanse på hubro, intervjuet om deres kjennskap til forekomst av hubro i Gravdal og Førde-regionen for øvrig. Etter gjennomført feltarbeid er i tillegg intervjuet grunneier Arne Gravdal, grunneier Arne Kirkebø og naturfotograf og nabogrunneier Silje Grønnevik.

Kort oppsummert bekrefter Terje Thon og Terje Negard at det ved flere anledninger over en rekke år fram til 2009 er registrerte rop av voksen hubro i Gravdalsområdet, til dels også på motsatt side av Førdefjorden. Silje Grønnevik opplyser at hun jevnlig hørte ropende hubro i Gravdalsgjelet under oppveksten på 1990-tallet og fram til ca. 1999/2000. På dette tidspunkt fant hun dessuten en død hubro under kraftlinjen som går like bak huset hennes ved inngangen til Gravdalsgjelet (se figur 2 i vedlegg 2). Fuglen er registrert av myndighetene, utstoppet og i privat eie. Siden skal hun ikke ha registrert hubrorop. Verken grunneier Arne Gravdal (som ikke er bosatt i Gravdal) eller grunneier Arne Kirkebø har kjennskap til hubrorop eller andre spor/sportegn etter arten i dette området. Sistnevnte har sammen med sin sønn jaktet mye i ytre Gravdalsgilet og tilstøtende terreng den siste 15 års perioden – og også ofte overnattet ute i terrenget.

Oppsummering

Det synes klart at hubro fra tid til annen over et lengre tidsrom er registrert ropende i Gravdalsområdet og tilstøtende nærområder, inkludert arealene på motsatt side av Førdefjorden. Forekomsten i området er bekreftet gjennom funnet av en død hubro ved kraftledning nederst i Gravdalsgilet omkring 1999/2000. Det foreligger imidlertid ingen indikasjoner på hekking i det aktuelle området.

Som korrigering av innhold i høringsuttalelsen fra Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (se foran), kan opplyses at hubro er registrert hekkende annet sted i Førde kommune i 2009. En mulig forekomst i Gravdalsområdet er således ikke eneste kjente hubroforekomst i Førde kommune.”

Hermod Seim la fram følgende endring til konsesjonssøknaden på e-post 23.11.2010:

"På grunn av omsynet til eventuell hubrobestand i området, vil tiltakshaver ikke bygge tilkomstveg i traseen for overføringsrøret fra Gravdalsgjelet.

Overføringsrøret blir lagt i grøft med minimum overdekning 0,3 m og vil følge terrenget utan nemnande fyllingar/skjeringar. Arbeidet blir utført med liten gravemaskin for å minimalisere terrenginngrepet og berørt trasébredde vil vere ca 5 m. Ved gjenfylling av grøfta blir veksttorva lagt øvst slik at revegeteringa i traseen vil skje så fort som mogeleg.

Eg ber om at konsesjonssøknaden vert slutthandsama med denne endringa som føresetnad."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kommenterte hubroundersøkelsen i e-post den 6.10.2010:

"(...)

Utsegna i rapporten si oppsummering om at "Det foreligger imidlertid ingen indikasjoner på hekking i det aktuelle området" kan lett bli misforstått dit at forfatteren ikke berre oppsummerar si eiga undersøking, men konkluderer med at det ikke ligg føre slike indikasjonar for lokaliteten generelt. Ein slik konklusjon er det etter vårt syn ikke grunnlag for. Sjølv om det kan sjå ut til at den tidlegare svært gode hubrolokaliteten i Gravdalen fekk ein knekk rundt 2000, da ein hubro blei funne død i Gravdalen, omtaler rapporten samtidig at to "lokalkjente amatørornitologar med stor kompetanse på hubro" ved fleire høve over ei rekkje år fram til 2009 har registrert rop av vaksen hubro i Gravdalsområdet. Ettersom ropande hubro er den beste indikasjonen på hekking, ligg det med andre ord absolutt føre indikasjonar på hekking i det aktuelle området.

Når det gjeld sjølve feltarbeidet som blei gjennomført av Rådgivende Biologer AS, gir det etter vårt syn ikke grunnlag for å konkludere om det hekkar hubro i området eller ikke. GPS-registreringa viser at lytting etter tiggande ungar skjedde frå vegen i underkant av det kupert skogområdet der lyden neppe berer langt, i tillegg til at eventuelle ungar på aktuell dato (17. august) ville ha forlate reiret og vore spreidde i terrenget. Registratoren burde ideelt sett ha vore oppe i dalen, og dessutan opphalde seg der i lengre tid. Dersom det var ungar i området, ville dei kanskje ha blitt fora berre ein eller to gangar i løpet av natta, nok som betyr at det er relativt små sjansar for å registrere noko i løpet av dei fire timane frå kveldstid til 01.30.

Når dette er sagt, er det likevel ikke grunnlag for nokon sterk kritikk av den gjennomførte undersøkinga. Hubro er svært vanskeleg å påvise i hekketida, da den i denne perioden er svært sky og gjer lite av seg. Ofte må det gjennomførast lytting over lenger tid i hekkesesongen for i det heile tatt å registrere noko i eit aktivt reirområde. Ut frå det føreliggande materialet er det dermed ikke grunnlag for å avvise at Gravdalen er hekkeplass for hubro, slik det kan sjå ut som konklusjonen har blitt i dette tilfellet. Tvert om tyder dei omtalte registreringane av ropande hubro i perioden mellom 2000 og 2009 på at lokaliteten framleis er i bruk av hubro.

Vi vil elles legge til at vi i etterkant av høyringsuttalen vår datert 9. april blei gjort kjent med hekkefunn av hubro ein annan stad i Førde kommune. Dette var faktisk det einaste reirfunnet som blei gjort i Sogn og Fjordane i fjor, trass i at det same år blei gjennomført eit prosjekt med kartlegging av moglege hubrohekkelassar i fylket.

Undersøkingar over lengre tid kan bli langvarige, for det er ikke sikkert hubroen hekkar kvart år. Dette kjem an på næringstilgangen, eller om det finst alternative hekkeplassar som den vekslar mellom. Sjølv om hubroen normalt er bunden til eitt og same territorium, er jo arten no så fåtallig at dei få som er her i teorien kan farte over større område for å finne den beste hekkeplassen til ei kvar tid.

Det er difor eit vanskeleg spørsmål å vurdere om hubro i dette tilfelle vil bli påverka av anleggsarbeid og/eller auka ferdsel i området, og vi kan ikkje på grunnlag av rapporten endre vår konklusjon om at utbygginga ikkje bør finne stad ut i frå føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9.”

Norsk Ornitologisk Forening kommenterte rapporten i e-post den 26.1.2011:

